TEKST-BASEN
www.nynorsksenteret.no

**ON:** 02211 **SMS:** 2211 **MMS:** 2211
s@bt.no **SENTRALBORD:** 05500
Alle tips som brukes honoreres

**t til at høgresida**
**, norske verdiar!**
**ARD MOGSTAD, DEBATT**

## ps



**harald.espeland@bt.no**
Harald Espeland er journalist i BT

**FACERAPE ER IKKJE** det nye.

■ I takt med utviklinga i sosiale medium, må også dei ulike spøkane halda takta. Den gode gamle facerapen – ei statusoppdatering du legg ut for ein god ven etter at han har gløymt å logga seg av – må døy.

■ Klassikaren «eg skal bli far!» eller andre meir eller mindre morosame oppdateringar om kjønnsliv og mageproblem må rett og slett forsvinna.

■ Rett nok finst det kreative variantar, som å leggja til andre venner, skifta bursdag og liknande, men det hjelper ikkje.

■ Instagram derimot – det er inne. Ikkje har mor mi eller onkel Berge oppdaga gledene ved å dela bilete med vener gjennom telefonen sin heller.

■ Derfor lanserer eg den nye spøken på sosiale medium – instarape.

■ Steg éin – lån telefonen til ein kamerat. Ta eit skikkeleg elendig bilete av nokre stygge sko – legg det ut. Lag eit smaklaust måltid som ikkje ser ut, og pøs det rett ut på nett. Vassgraut er eit godt alternativ her. Ta eit bilete av eit tomt bord med ei halvfull chipsskål, skriv at du har bursdagsfest, og legg det rett ut på Instagram for kompisen din.

■ Men hugs på ein ting: ikkje la deg lokka til å leggja på eit fancy filter på blinkskotet. Då risikerer du at folk tar det heile for god fisk.